



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	18.03.2014
<b>Tid:</b>	13:30 – 15:40

---

### Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

---

### Forfall:

Tor-Sindre Steinsvik	MEDL	H
----------------------	------	---

---

### Varamedlemer som møtte:

Richard Klungsøyr Gjerde	Tor-Sindre Steinsvik	H
--------------------------	----------------------	---

---

**Andre:** Rådmann Erlend Krumsvik                      Sekretær Brit Berge  
                 Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge      Kulturleiar Eileen Gjerde.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:

Olaug Andreassen og Margaret Leinebø.

Richard Gjerde kom til møtet kl. 13:40.

### **RS-sak 13/14. Høyring endring i hurtigbåtsamband Hareid-Ålesund.**

Rådmann lagar eit forslag i tråd med Hareid kommune og Mafoss sine uttalar – vert sendt Formannskapet til gjennomgang før det vert vidaresendt.

---

underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøy

Olaug Andreassen

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 35/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/14	Protokoll frå førre møte
PS 37/14	Delegerte saker
PS 38/14	Referatsaker
PS 39/14	Støtte til Redningsselskapet sin nautiske mil-dugnad
PS 40/14	Prioritering av kommunale byggeprosjekt 2014
PS 41/14	Gnr 35 Bnr 22,31,73 og 148 - Forhandling om kjøp av grunn
PS 42/14	Vedk. retningslinjer for tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy.
PS 43/14	Svar på høyring - regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi
PS 44/14	Klage på vedtak - detaljreguleringsplan Verket
PS 45/14	Revidering av brannordning
PS 46/14	Reforhandling - legevaktformidling Volda sjukehus.
PS 47/14	Utlysing av konsesjon på brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
PS 48/14	Godkjenning av justert Samhandlingsavtale mellom herøy kommune og Helse Møre og Romdal HF
PS 49/14	Økonomisk avslutning prosjekt 51927 Leidningsanlegg Kvalsund.
PS 50/14	Kai i Fosnavåg . behov for ekstra løyving Delegerte saker frå avdelingane
DS 10/14	Oppheving av bålforbod i Herøy kommune Referatsaker
RS 13/14	Høyring endring i hurtigbåtsamband Hareid-Ålesund
RS 14/14	Kryssing av Vaulane- referat frå møte i tverrfagleg gruppe den 5/3-2014
RS 15/14	Møtereferat
RS 16/14	NHV fagdagar
RS 17/14	Markering av frigjøringsdagen og den

nasjonale veterandagen 8.mai 2014

- RS 18/14 Kommunereformen - Veggen vidare for kommunane på Søre Sunnmøre
- RS 19/14 Flyktninga med opphaldsløyve
- RS 20/14 Melding om vedtak
- RS 21/14 Melding om vedtak
- RS 22/14 Melding om vedtak
- RS 23/14 Rundskriv H-2/14 - Supplering av rundskriv T-2/13 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslova

## **PS 35/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 36/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 37/14 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 38/14 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 39/14 STØTTE TIL REDNINGSSELSKAPET SIN NAUTISKE MIL-DUGNAD**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.03.2014**

Herøy formannskap ser redningsskøyta sin rolle langs kysten som viktig og vil støtte Redningsselskapet sin nautiske mil- aksjon med kr. 10.000,-.

Dekninga vert gjort frå politisk disposisjonspost (1011.14900.100). Beløpet overførast til Redningsselskapet sin konto: 5005 26 50000

## **PS 40/14 PRIORITERING AV KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT 2014**

### **Møtebehandling:**

KrF kom med slikt framlegg til tillegg i tilrådinga:  
Idrettshall Einedalen skule vert flytta til pr. 1 og parkeringsplass rådhuset vert flytta til pr. 2. Framlegget fekk ei røyst.

AP kom med slikt framlegg til tillegg i tilrådinga:

Pkt. 2.

Administrasjonen får i oppgåve å vurdere bygging av omsorgsleiligheter på tomte til gamle legesenteret på Eggesbønes.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3.

Prosjektleiar blir leigd inn for å dekke opp manglande kapasitet etter behov i tida framover.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding med tillegg av AP sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.03.2014**

1. Prioritering av kommunale byggeprosjekt 2014 vert vedteken slik den framgår av vedlagt «Oversikt over byggeprosjekt».
2. Administrasjonen får i oppgåve å vurdere bygging av omsorgsleiligheter på tomte Til gamle legesenteret på Eggesbønes.
3. Prosjektleiar blir leigd inn for å dekke opp manglande kapasitet etter behov i tida framover.

## **PS 41/14 GNR 35 BNR 22,31,73 OG 148 - FORHANDLING OM KJØP AV GRUNN**

### **Møtebehandling:**

Saka vert utsett.

Fleirtalet av Formannskapet ynskjer meir opplysningar i saka.

## **PS 42/14 VEDK. RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL MERKING OG SKILTING AV TURSTIAR I HERØY.**

### **Møtebehandling:**

Tilrådinga frå komite for næring, kultur og idrett vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Formannskapet - 18.03.2014

1. Retningslinjer for merking og skilting skal vere i tråd med §1, 3, 5 og 6 i retningslinjene for tildeling av kulturmidlar.
2. Formannskapet vedtek vedlagde retningslinjer gjeldande for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy med verknad frå 01.01.2015.
3. Retningslinjene for tildeling av tilskot til merking og skilting av turstiar / turvegar i Herøy skal implementerast i Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar tilsvarande andre kommunale tilskotsordningar med verknad frå 01.01.2015.

## PS 43/14 SVAR PÅ HØYRING - REGIONAL DELPLAN FOR KULTURMINNER AV REGIONAL OG NASJONAL VERDI

### Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Formannskapet - 18.03.2014

### Kommentar til regional delplan for kulturminne:

Herøy kommune tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunen stiller seg undrande til «statusen» til to av områda som står i fylkeskommunen si liste over kulturminne.  
Fylkeskommunen bruker uttrykket *regulert til bevaring*. Kva som ligg i dette omgrepet veit ikkje kommunen for desse områda er ikkje regulert etter plan- og bygningslova, og det ligg heller ikkje føre nokon andre type planar i kommunen sitt planarkiv.

Leinestøylen, Leine – status: *regulert til bevaring*.  
Kommunen kjenner ikkje til at Leinestøylen er regulert til bevaring.

Vikane, Bergsøy – status: *regulert til bevaring*.  
Kommunen kjenner ikkje til at Vikane er regulert til bevaring.

Generell kommentar til regional delplan for kulturminne.  
Kommunen stiller seg bak fylkeskommunen si haldning om at:

- *staten i langt større grad bør dekkje utgiftene ved arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.*
- *Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune hadde fått overført meir mynde i prøveprosjekt til å fatte dispensasjonsvedtak og ferdigstille nødvendige arkeologiske arbeid, ville det forenkle, effektivisere forvaltninga og gjere det billegare for tiltakshavar/kommunar ved handsaming/sluttføring av ulike typar utbyggingstiltak/reguleringsplanar.*

Vi vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

## **PS 44/14 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN VERKET**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

Kommunestyret kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve det som låg føre då detaljplanen vart vedteken i kommunestyret 12.12.2013, sak 171/13.

Klaga vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 171/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

## **PS 45/14 REVIDERING AV BRANNORDNING**

### **Møtebehandling:**

Brannvernleiaren orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

Forslag til revidert brannordning vert vedteken.

## **PS 46/14 REFORHANDLING - LEGEVAKTFORMIDLING VOLDA SJUKEHUS.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

1. Herøy kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Herøy kommune, sluttforhandla i januar 2014, om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved kontakt på nasjonal legevakt nummer 116 117
2. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.



## **PS 47/14 UTLYSING AV KONSESJON PÅ BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BPA)**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

1. Herøy kommune innfører fritt brukarval i høve BPA-ordninga i Herøy.
2. Det vert lyst ut tenestekonsesjon for BPA-ordninga jf. grunnleggjande krav i EØS avtalen om ikkje-diskriminering, objektive kriterium og ein transparent prosess som kan etterprøvast.

## **PS 48/14 GODKJENNING AV JUSTERT SAMHANDLINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG HELSE MØRE OG ROMDAL HF**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

1. Herøy kommunestyre vedtek Samhandlingsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg 1 til denne saka, men med den endring at siste kulepunkt i Vedlegg 12, pkt. 4.3 fell bort.
2. Kommunestyret tek til orientering at tillitsvalde deltek som observatørar i administrative samhandlingsutval slik ein har praktisert til no. Spørsmål kring tillitsvalde sin representasjon i ulike samhandlingsutval skal avklarast i samband med den totale gjennomgangen av vedlegg 12 som skal gjerast i 2014.
3. Herøy kommunestyre viser til ny formulering i hovudavtalen og gir rådmannen fullmakt til å vedta retningslinjer og prosedyrar som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell tyding.

## **PS 49/14 ØKONOMISK AVSLUTNING PROSJEKT 51927 LEIDNINGSANLEGG KVALSUND.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

Prosjektrekneskapan vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 5.380.502,-

**PS 50/14 KAI I FOSNAVÅG . BEHOV FOR EKSTRA LØYVING****Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014**

1. Herøy kommune vedtek ekstra løyving på kr. 384.000 til bygging av ny kai i Fosnavåg sentrum. Løyvinga finansierast via låneopptak.

**MØTET SLUTT !**

**DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

**DS 10/14 Oppheving av bålforbod i Herøy kommune 18.02.2014 00:00:00**  
**Adresseliste**

## **REFERATSAKER**

**RS 13/14 Høyring endring i hurtigbåtsamband Hareid-Ålesund Høyring endring i hurtigbåtsamband Hareid-Ålesund 28.02.2014 00:00:00 Møre og Romsdal fylke**

**RS 14/14 Kryssing av Vaulane- referat frå møte i tverrfagleg gruppe den 5/3-2014  
Kryssing av Vaulane- referat frå møte i tverrfagleg gruppe den 5/3-2014  
07.03.2014 00:00:00 Erlend Krumsvik**

**RS 15/14 Møtereferat Møtereferat 06.03.2014 00:00:00 Jarl Martin Møller**

**RS 16/14 NHV fagdagar NHV fagdagar 12.02.2014 00:00:00 KS**

**RS 17/14 Markering av frigjøringsdagen og den nasjonale veterandagen 8.mai 2014  
Markering av frigjøringsdagen og den nasjonale veterandagen 8.mai 2014  
10.02.2014 00:00:00 Forsvarsdepartement**

**RS 18/14 Kommunereformen - Veggen vidare for kommunane på Søre Sunnmøre  
Kommunereformen - Veggen vidare for kommunane på Søre Sunnmøre 06.02.2014  
00:00:00 Ulstein kommune**

**RS 19/14 Flyktinga med opphaldsløyve Flyktingar med opphaldsløyve  
11.02.2014 00:00:00 Clare Eva Gunnesen**

**RS 20/14 Melding om vedtak Melding om vedtak 17.02.2014 00:00:00 Ulstein kommune**

**RS 21/14 Melding om vedtak Melding om vedtak 11.02.2014 00:00:00 Sande kommune**

**RS 22/14 Melding om vedtak Melding om vedtak 06.01.2014 00:00:00 Volda kommune**

**RS 23/14 Rundskriv H-2/14 - Supplering av rundskriv T-2/13 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslova  
Rundskriv H-2/14 - Supplering av rundskriv T-2/13 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslova  
17.02.2014 00:00:00 Kommunal- og moderniseringsdepartement**